



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Landbruksavdelinga

Vår ref.: 2009/12554
Arkivnr.: 521.0

Dykkar ref:
Vår dato: 12.03.2010

Statens landbruksforvaltning
Postboks 8140 Dep.
0033 Oslo

Stikkprøvekontroll etter eigen risikovurdering - Vindafjord kommune

Vi viser til vedlagde rapport frå Vindafjord kommune datert 17.11.09 vedkomande evaluering av utført stikkprøvekontroll i samband med søknadsomgangen pr. 31.07.09 for produksjonstilskott i jordbruket.

Vindafjord kommune tok kontakt med landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i mai 2009 med førespurnad om å verte fristilt den automatiske stikkprøvekontrollen i produksjonstilskott, også kalla 5%-kontrollen. Grunnen var at dei ved neste stikkprøvekontroll ville setje fokus på spreieareal på bruk med stort husdyrtal. Fylkesmannen formidla ynskje vidare til Statens landbruksforvaltning og fekk positiv respons tilbake.

Kommunen hadde gode planar for korleis denne kontrollen skulle utførast og hadde undervegs god dialog med oss. Fylkesmannen, Landbruksavdelinga er svært nøgd med måten Vindafjord kommune har utført denne kontrollen på og dei resultata ein slik kontroll har ført med seg.

I tillegg til rapporten hadde landbruksforvaltninga i Vindafjord eit foredrag i januar 2009 for tilsette hjå kommunane og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen på vårt kurs i tilskotsforvaltning. Det kom fleire positive tilbakemeldingar på dette. Vi legg foredraget ved til orientering.

Det viktigaste som er kome ut av dette er at det har blitt sett fokus på spreiearealkontrollen. Næringsa har blitt klår over at slike kontrollar kan gjennomførast. Dette skjerpar rutinane bøndene har rundt det å ha nok spreieareal og rundt avtalar om leige av spreieareal.

Vindafjord kommune har oppnådd målsetninga med kontrollen som var ”å bevisstgjere bøndene på ansvaret med å beregne nok spreieareal og justere dette i takt med endra situasjon på bruket.”

Vi vonar at vi for seinare søknadsomgangar saman med andre kommunar kan prøve noko liknande. Når det gjeld spreieareal og kontroll av det, har vi fleire kommunar med stor gjødselproblematikk som ligg inntil utsette vassdrag på Jæren. Det er eit klart behov for å ha eit auka fokus på handtering av spreieareal. Fylkesmannen ynskjer av den grunn å utføre liknande kontrollar, spesielt i kommunane på Jæren. Ei generell utplukking vil ikkje vere målretta nok. Dette fordi det kan sjå ut til at det er i dei kraftforkrevjande produksjonane problemet er størst. Det vil då vere ein føresetnad at kommunen i samarbeid med landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen får plukke ut føretak som skal kontrollerast. Eit slikt tiltak ville etter vårt syn være svært positivt med omsyn til miljøproblematikken.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	Postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59 4001 stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	Telefaks: 51568811	Heimeside: www.fylkesmannen.no/rogaland	Postboks 59 4001 stavanger	Telefaks: 51568811

Vidare vil ein meir risikobasert kontroll slik ein har gjort i Vindafjord være med på å gjere 5%-kontrollane meir meiningsfylte og målretta.

Etter denne gode erfaringa vi har når det gjeld Vindafjord sin kontroll, vonar vi Statens landbruksforvaltning vil stille seg positive til seinare spørsmål om risikobaserte kontrollar.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Ragnhild Hole
førstekonsulent

Vedlegg: Brev frå Vindafjord kommune av 17.11.09
Plansjar frå foredrag 12.01.10.

*Saksbehandlar: Ragnhild Hole
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 81
E-post: ragnhild.hole@fmro.no*

Kopi til:
Vindafjord kommune, Administrasjonsbygg 5585 Sandeid
Eining Landbruk Sandeid